



Notat

Dato: 23.08.2015
Arkivsak: 2014/16773-14
Saksbehandlar: fromann

Til:	Hovudarbeidsmiljøutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Status i planarbeidet for IA i HFK pr. august 2015

Det vert vist til HAMU-møtet 13.03.2015 og melding om status i planarbeidet for Inkluderande Arbeidsliv (IA) i Hordaland fylkeskommune. Det vert og vist til det overordna plandokumentet «Mål og tiltak for IA-arbeidet i HFK 2014-2018 (vedlagt).

I mars var det to avdelingar som ikkje hadde fått ferdig sin plan for IA-arbeid: Tannhelseavdelinga og Opplæringsavdelinga.

Opplæringsavdelinga har no hatt ein planprosess med medverknad frå dei tilsette, og fått fram ein plan for IA-arbeidet 2015-2018 (sjå vedlegg).

Tannhelseavdelinga har også hatt ein planprosess, og eit utkast til IA-plan er handsama i AMU og i leiargruppa for Tannehelsetenesta. Ein er likevel ikkje heilt ferdig med IA-planen. Derimot er det utvikla ein overordna HMT-plan for Tannehelsetenesta 2014-2017, der ei rekke IA-relaterte mål og tiltak er tatt med (sjå vedlegg). Fylkestannlegen tar sikte på å ferdigstille IA-planen for Tannehelsetenesta innan utgangen av september, og vil syte for oversending til HAMU så snart den er ferdig.

Fylkesrådmannen vil syte for at det i HAMU-møtet 4. september vert gitt ein munnleg gjennomgang av status for den overordna handlingsplanen for IA, og tek sikte på ein skriftleg rapportering på denne planen ved årsskiftet.

Vedlegg:

1. Mål og tiltak for IA-arbeidet i HFK 2014-2018
2. IA-plan for opplæringssektoren 2015-2018
3. HMT-handlingsplan for Tannehelsetenesta 2014-2017